

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Njål Bolstad Eidsnes	FA-M60	21/111

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
055/2021	Kommunestyret	PS	09.12.2021

Ny felles forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall og delegasjon av mynde for deltakarkommunane i NGIR

Forslag til vedtak:

Sak 1: Ny felles forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall for deltakarkommunane i NGIR

- Forslag til ny lokal forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall vert vedteke

Sak 2: Delegasjon av mynde til NGIR:

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonselskap IKS vert gjeve mynde til å:

- Treffa enkeltvedtak for å ivareta sine oppgåver etter forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall.
- Behandla saker og treffa vedtak om dispensasjonar frå forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall.
- Behandla saker og treffa vedtak om dispensasjonar frå plikten til å betala renovasjonsgebyr og til å vedta at ein eigedom er omfatta av tvungen renovasjon.
- Behandla saker og treffa vedtak om kontroll og pålegg om endringar knytt til oppsamlingseiningar, hentestader, leveringsstader, køyreveg, åtkomstveg, transportveg og oppstillingsplassar.

Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok den 06.05.2021 i sak 023/2021 å senda **Forslag til ny felles forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall for deltakarkommunane i NGIR** ut på høyring.

Høyringsfristen vart sett til 02.07.2021.

Det kom ingen merknader under høyring, men det kom merknader frå ein person 01.03.2021. Dette var merknader som vedkommande hadde sendt til Solund kommune under høyring av forskrifta. Etter høyring har det blitt gjort nokre mindre korrigeringar i utkast til ny forskrift. Korrigeringane er redaksjonelle og forutset ikkje at det gjennomførast ny høyring. Følgjande korrigeringar vart gjort:

- Høyringsutkastet la opp til at den nye forskrifta skulle tre i kraft frå 01.01.2021. Då ingen av kommunane i NGIR vedtok forskrifta i 2020, måtte dette endrast. Dato for når forskrifta trer i kraft vil bli satt inn når alle kommunane har endeleg vedteke forskrifta.
- Høyringsutkastet la opp til at den nye forskrifta blei vedteke i 2020. Sidan dette ikkje har skjedd, har årstal for vedtaking vorte endra til 2021.
- I forskrifta sin § 4 var definisjonen av «Hytte» angitt som: «Sjå Fritidseigedom.» Forskrifta nyttar ikkje «Fritidseigedom» og av definisjonane har ein nytta «Fritidsbustad.» Definisjonen av «Hytte» har derfor vorte korrigert i samsvar med dette.

Bakgrunn

Bakgrunn for ny renovasjonsforskrift

Gjeldande forskrift om innsamling av forbruksavfall for Modalen kommune er ei felles forskrift for alle kommunane tilknytt Nordhordland og Gulen interkommunale Renovasjonsselskap (NGIR), og vart vedteken av Modalen kommune den 25.05.2000.

Administrasjonen i kommunane tilknytt NGIR har delteke i utforminga av forskrifta. Framlegg til ny forskrift har vore på offentleg høyring i samsvar med forvaltningslova kap. VII. Endeleg politisk vedtak skal gjerast av kommunestyret. Ny forskrift vert gjeldande frå den dato då den siste av deltakarkommunane i NGIR har vedteke forskrifta.

Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall er ei lokal forskrift som omhandlar innsamling av hushaldsavfall frå bueiningar. Næringsavfall er ikkje inkludert i ordninga. Den som har næringsavfall, har sjølv ansvaret for at avfallet vert levert til godkjend mottak. Kommunane har etter lov om forureining og avfall (forureiningslova) §§29 og 30 ansvar for å ha anlegg for mottak og innsamling av hushaldsavfall. Kommunen kan etter same paragraf gje forskrift som er naudsynt for å få til ein hensiktsmessig innsamling og oppbevaring av avfallet.

Ny forskrift baserar seg på eksisterande forskrift, men systematiserer og klargjer tydelegare kva oppgåver NGIR og abonnent har. I tekst er det t.d. endra frå kommunen til NGIR der NGIR har ansvar for den praktiske gjennomføringa (t.d. plassering av behaldarar og handsaming av fritak frå ordninga). Dette for å betre synleggjere ovanfor abonnent kva som er delegert til NGIR, og vil ikkje medføre større endringar ut i frå dagens praksis. I tillegg vert det opna for at NGIR får større rom for å utarbeida retningslinjer, rettleiarar og informasjon til abonnentane. Døme er rettleiar til forskrift og retningslinjer for tilkomstveg. Informasjon til abonnentane vil med dette bli betra, og kan enklare tilpassast endra behov eller nye tekniske løysingar.

Bakgrunn for delegasjon av mynde til NGIR

Forureiningslova § 30 pålegg den enkelte kommune å syta før ein forsvarleg innsamling og

handsaming av hushaldsavfall i kommunen. Forureiningslova gjev i den samanheng vide rammer for korleis kommunen vel å organisera handteringa av hushaldsavfall. I praksis er det difor utbreidd at kommunar både samarbeider og oppretta egne sjølvstendige rettssubjekt til å stå føre den kommunale avfallshandteringa.

Blant anna som følgje av dette, gjev forureiningslova § 83 heimel for kommunane til å delegera mynde til å treffa enkeltvedtak til interkommunale og kommunale føretak. På den måten kan kommunen sikra at den organisasjon som står nærast til å føreta ei forsvarleg sakshandsaming av relevante saker, sjølv om denne ikkje omfattast av kommunelova sine bestemmingar, kan treffa naudsynte vedtak.

Kommunane har mynde både direkte i forureiningslova, men også etter mynde som er delegert frå statleg organ. I utgangspunktet vil mynde som kommunen sjølv har fått delegert, ikkje kunne delegerast vidare, men av lovforarbeidene til forureiningslova står det at forureiningslova § 83 gir kommunane rett til å delegera vidare all mynde, inkludert slik mynde som kommunane sjølv har fått delegert.

Forureiningslova § 83 forutset at delegasjon berre kan skje når «særlige hensyn tilsier» at det vert gjort. I lova sitt forarbeid er det likevel lagt til grunn at terskelen er låg, og omsynet til ei fornuftig organisering er tilstrekkeleg.

NGIR treffer p.t. enkeltvedtak knytt til dispensasjonssøknadar, endring av oppsamlingseiningar og oppfølging av gebyrbetaling (for dei av deltakarkommunane som har delegert slikt mynde til NGIR). NGIR har stått for slik myndigheitsutøving i mange år.

Delegasjonsvedtaka i deltakarkommunane er likevel fragmentariske og til dels uklare med omsyn til kva NGIR er gjeve mynde til. Ingen av deltakarkommunane har treft eit delegasjonsvedtak som tydeleg gjev kva mynde NGIR er tildelt, og delegasjonen framkjem i ikkje ubetydeleg utstrekning implisitt av vedtaka.

Det har over tid òg komme til nye oppgåver og justeringar med omsyn til NGIR sine oppgåver og mynde, noko som har gjort at det p.t. er uoversiktleg kva som gjeld. Alle deltakarkommunar er likevel av den oppfatning at NGIR er gjeve mynde til å treffa dei enkeltvedtaka som NGIR gjer per i dag. Dette gjeld ikkje Fedje kommune, som sjølv har behandla og treft vedtak knytt til slike høve. Rettsleg føreligg ingen formkrav til delegering av forvaltningsmynde. Av omsyn til offentlegheita er det likevel hensiktsmessig at delegasjon skjer skriftleg i vedtaksform. På denne måten sikrast òg notoritet med omsyn til kva delegasjonen omfattar. Det reduserer òg risiko for myndigheitsoverskridingar og er betre eigna til å unngå situasjonar der kompetanseforhold vert utfordra.

Gjennom saker som har oppstått dei seinare åra, har NGIR erfart at klare delegasjonsvedtak ville ha vore fordelaktig både for NGIR sine oppgåver og for kommunane sjølv. Det vil kunne forhindra mistydingar og trong for betydeleg ressursbruk knytt til oppklaring av kva mynde NGIR er tillagt. På den bakgrunn føreslår NGIR at deltakarkommunane treff eksplisitte delegasjonsvedtak etter forureiningslova § 83, slik at det framover vert tydeleg både for NGIR, kommunane og brukarane kva forvaltningsmynde NGIR er tildelt.

Vurdering

Føremålet med ny felles forskrift er at deltakarkommunane i NGIR får ei forskrift som ryddar opp i uklarheiter som har vist seg, og som vil fungere som eit god grunnlag for den felles renovasjonen i kommunane.

Den nye forskrifta får ingen vesentleg innverknad på renovasjonsordninga. Forskrifta legg likevel til rette for ein meir effektiv ressursutnytting både i NGIR og kommunane og avgrensar trongen for hyppig formell oppfølging frå kommunen si side.

Forskrifta vil ikkje ha nokon negativ innverknad på miljøet, og vil til dels styrke oppfølginga i den samanheng. Forskrifta vil ikkje medføre økonomiske konsekvensar.

Forslaget til ny felles forskrift for deltakarkommunane i NGIR er i all hovudsak ei revidering og presisering av gjeldande forskrift. I alt det vesentlege vil det som ligg i gjeldande forskrift vidareførast.

Forslag om nye og eksplisitte vedtak om delegasjon vil i praksis vera presiseringar av det som er gjeldande organisering mellom NGIR og kommunane per i dag. Det vil ikkje endra på dagens tilstand men vil uttrykkeleg gjere det klart at NGIR er delegert mynde

Konklusjon

Sak 1: Ny forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall for deltakarkommunane i NGIR

Rådmanen rår til at Modalen kommune vedtek forslag til ny lokal forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall.

Sak 2: Delegasjon av mynde til NGIR

Rådmannen rår til at

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonselskap IKS vert gjeve mynde til å:

- Treffa enkeltvedtak for å ivareta sine oppgåver etter forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall.
- Behandla saker og treffa vedtak om dispensasjonar frå forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall.
- Behandla saker og treffa vedtak om dispensasjonar frå plikten til å betala renovasjonsgebyr og til å vedta at ein eigedom er omfatta av tvungen renovasjon.
- Behandla saker og treffa vedtak om kontroll og pålegg om endringar knytt til oppsamlingseiningar, hentestader, leveringsstader, køyreveg, åtkomstveg, transportveg og oppstillingsplassar.

Kommunestyret - 055/2021

KS - behandling:

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Sak 1: Ny felles forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall for deltakarkommunane i NGIR

- Forslag til ny lokal forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall vert vedteke

Sak 2: Delegasjon av mynde til NGIR:

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS vert gjeve mynde til å:

- Treffa enkeltvedtak for å ivareta sine oppgåver etter forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall.
- Behandla saker og treffa vedtak om dispensasjonar frå forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall.
- Behandla saker og treffa vedtak om dispensasjonar frå plikten til å betala renovasjonsgebyr og til å vedta at ein eigedom er omfatta av tvungen renovasjon.
- Behandla saker og treffa vedtak om kontroll og pålegg om endringar knytt til oppsamlingseiningar, hentestader, leveringsstader, køyreveg, åtkomstveg, transportveg og oppstillingsplassar.

Vedlegg:

FORSKRIFT OM INNSAMLING OG HANDSAMING AV HUSHALDSAVFALL

Gjeldende forskrift